

Kyrkjeklokka

Nr. 3 – 2017

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

81. årgang

Kyrjekontoret i nye lokale



No har kyrjekontoret i Stryn flytta inn i nye lokale. Døra inn til kyrkjeavdelinga i kommunen har alltid vore open, og no vil vi ha det på same viset der vi er komne. Vi er sju menneske med fast plass på kyrjekontora, og målet er at det kvar dag skal vere noko der som kan møte dei som vil stikke innom.

Sjølvsagt har ikkje alle like godt høve til å setje døra på vidt gap heile tida, men målsetjinga vår er at når nokon kjem innom, skal der vere nokon som tar imot. Eit kyrjekontor er ikkje berre ei administrativ eining, det er ein stad der du møter levande menneske.

Les meir på side 4

Heilt førsteklasses!

Første-
klasser

Å begynne på skulen er ei viktig hending i livet og ein overgang som dei fleste markerer. Når noko nytt skjer i barnets liv, kan kyrkja vere tilstades ved å invitere barn og foreldre til samlingar.

Prosesjon, bønner og songar med bevegelse, orkester og forteljing frå bibelen. Ei gudsteneste for 6-åringar er gjerne prega av litt meir action enn ei vanleg høgmesse.

Det vart arrangert fire gudstenester for 6-åringar Stryn og Hornindal den siste veka før skulestart. Borna kunne velje mellom kyrkjene i Hornindal, Nedstryn, Loen eller Olden. 40 born møtte opp og fekk bøkene sine, og fekk delta på gudstenester spesielt tilrettelagt for born.

Les meir på side 5

Reformasjonsjubileet i Hornindal



Av Hege Høibye

Det var også kveldsgudsteneste i Randabygd denne dagen, med mykje av det same og litt anna. Blant anna medverka Arne M. Sølvberg, og det vart ei kveldsgudsteneste fylt av musikk.

Tekstar var: Sal. 116,1–9

Luk. 15,11–32

Ef. 2,1–10 (preiketekst)

Ikkje alle gudstenestene er planlagde enno, men dei to neste vert i Randabygd. Tema frå ei av dei vil verte trekte inn i ei gudsteneste på Nordsida også.

I år er det 500 år sidan Martin Luther slo opp sine 95 tesar på slottskyrkja i Wittenberg, og innleia med det reformasjonen. Dette har vore feira både nasjonalt og internasjonalt og i haust vert det fleire lokale markeringar. Fire søndagar har i år særskilte tema knytte til reformasjonen, og dei vil prege gudstenestene desse dagane.

Den første søndagen var den **27. august**, der temaet var: **Nåden aleine**. 'Nåde' er gjennomgangstema for reformasjonsmarkeringa i Den norske Kyrkja, og den første gudstenesta konsentrerte seg om nåden. I Hornindal var det ei gudsteneste der det vart tatt inn element frå salmemessa, der alle liturgiske ledd vart dikta om til salmar og sunge av kyrkjelyden; dei som før hadde vart sunge berre av kor eller geistlege. Vi presenterte også dagens Luthersalme, og ein salme skriven til reformasjonsjubileet.

Søndag **17. september** er tema: **Skaparverket er ikkje til sals**.

Tekstar er: Salme 33,1–9

2 Pet 1,5–9

Matt 7,24–28 (preiketekst)

15. oktober er tema: **Frelsa er ikkje til sals**

Tekstar er: Jes. 55,1–3

Apg. 8,4–24

Luk. 20,45–21,4 (preiketekst)

Den siste vert i Hornindal, og er den **19. november**.

Tema er: **Menneske er ikkje til sals**

Tekstar er: Sal. 8,2–10

Fil. 2,3–11

Matt. 18,1–6.10–14 (preiketekst)

I tillegg kjem det til å verte ei markering den 31. oktober, som er reformasjonsdagen. Planane for denne er ikkje heilt ferdige, så meir informasjon kjem etter kvart.



Takk til Janet

av Henny Koppen



I tre år har Janet vore med og sett sitt preg på arbeidet i kyrkja vår. Ho har vore med over alt der noko skjedde, i trusopplæringa, i konfirmantopp-legget, på babysong, på gudstenester, og ikkje minst som inspirator, leiar og pådrivar i den store speidargruppa i Stryn sentrum.

Det som prega Janet i alt hennar arbeid, var optimismen hennar. Alle problem kunne løysast, ho var konstruktiv, kreativ og blid. «Det går fint», var hennar faste omkvæde. Og det gjekk fint når Janet var med, for ho stilte opp over alt og tok gjerne jobben med å organisere og legge til rette. Og så var ho der, med gode ord, formaningar om å vere glade i kvarandre, om å ta vare på kvarandre.

Janet lever som ho lærer, ho har omsorg for alle, og inkluderer alle i sitt store og romelege fellesskap.

Kvelden før ho reiste til Tyskland med flyttelasset sitt leigde ho Skogstjerna og inviterte heile omgangskretsen sin til fest. Huset vart fullt, og stemninga var stor, sjølv om sorga over at ho og familien skulle reise låg under.

Janet fekk jobb i KFUM i Erfurt, der ho bur. Ho er i gong med jobb på eit hybelhus for unge jenter, flyktningar som treng omsorg og varme. Vi er ikkje i tvil om at Janet er rett person også der.

Vi takkar Janet for engasjement og innsats, optimisme og gode humør, og ønskjer lykke til heime i Tyskland, blant familie og gamle vener.



Artikkelen om Grøn Profil
kjem i neste nummer.



Kristian ut – Guro Petronella inn

Etter ei knapt halvår med hardt arbeid blant konfirmantar, tensingarar, babyar og kyrkjelydar, har no Kristian reist tilbake til Volda for å fullføre lærarutdanninga si.

Han kom som «bestilt» då vi var i ferd med å starte førebuingane til konfirmantmusikalen i vår. Kristian er musikar, ein erfaren tensingar som trakterer fleire instrument, og han gjekk rett inn i rolla som orkesterleiar. Resultatet vart, som de veit, svært bra.

Kristian tok og over mykje av det arbeidet som Anne Elin Lie hadde hatt, særleg konfirmantarbeid, og han fekk med ein gong god kontakt med ungdommane.

I Janet sitt fråvær måtte han også trø til med babysong, men ingen ting var for vanskeleg for Kristian. Han gjekk på alle oppgåver med mot og engasjement. I mangel av organistar, stilte Kristian og opp som gudstenestemusikar. Liturgi og salmar tok han på strak arm, og det var alltid ei glede å ha han med.

Stor takk til Kristian for hans gode bidrag våren 2017.



Stillinga hans vart utlyst, og vi fekk to søkarar. Den eine tok jobben, heldigvis, og den 15. august var Guro Peronella Enerhaug på plass.

Det var midt i flyttinga av kontoret, så det tok ei veke før ho kom seg i orden bak sin eigen pult, men ho hoppa rett inn i oppgåvene. Det vart «førsteklasses» gudstenest-

er den fyrste veka, og konfirmanttimar den neste.

Heldigvis kjem Guro rett frå ein liknande jobb i Alta. Der har ho vore direkte knytt til barne- og ungdomsarbeidet, og ho brenn særleg for Ten Sing. Ho har lang erfaring som Ten-Singar, og ho har musikkline frå vidaregåande som sikrar både teori og praksis innan musikk.

Vi er veldig glade for å ha fått Guro på plass, og håpar at ho kan få brukt evnene og interessene sine på best mulig måte i kyrkja vår.

Velkommen Guro!

Kyrkja i Stryn med nye kontor



Margrete Lillestøl.

Midt i august var Stryn kyrkjekontor på plass i nye lokale i Rognehaugen 11. For dei lokalkjende kan ein seie at det er der Helsestasjonen var før dei flytta seg over til Coop-bygget.

I Rognehaugen har kyrkja fått fleire kontor, og romma er lyse og romslege. Det gamle venterommet til helsesatsjonen har ikkje fått sitt endelege bruksområde enno, men folk som kjem innom må berre ta turen innover i gangen, for her sit vi på rekke og rad.

Det fremste kontoret er ekstrakontoret som skal brukast av dei som er her berre av og til, så kjem sekretærkontoret, der de vil møte Margrete Lillestøl, før klokka to om dagen, eller Anne Lødemel Honningsvåg, dersom det er ein onsdag.



Henny Koppen.

På det neste kontoret sit vår nye medarbeidar; Guro Petronella Enerhaug, og så kjem Beate Nes, Børre Lian og Henny Koppen på dei neste kontora.

Vi ynskjer oss mykje besøk, så vi vonar dei som vil treffe oss finn vegen opp trappa (eller heisen) og inn. Vi vil jobbe med å setje ein kyrkjeleg identitet på avdelinga vår, og sjølv om det var trist å forlate fellesskapet på toppen av Stryn Torg, så gle vi oss over å ha fått vårt eige. Her er to store møterom, og vi ser for oss at vi kan halde ulike møte i våre eigne lokale. Vi treng berre litt møblar fyrst.

Ta kontakt, dersom de treng møterom, og framfor alt: Velkomne inn!



Kyrkjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Olav R. Faleide
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik
6788 Olden. Tlf. 990 28 076
john.skiftesvik@enivest.net
Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Tysdag, torsdag og fredag kl. 10–12
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Fungerande sokneprest Henny Koppen
Mobil 916 01 630
henny.koppen@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33
sokneprest@hornindal.kommune.no

KYRKJEVERJER

Stryn kommune

Børre Lian
Tlf. 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
borre.lian@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57 87 98 34
Mobil 459 14 954
Måndag og torsdag kl. 09–13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Førsteklasses

– gudstenester for dei som skal begynne på skulen



Prosesjon, bønner og songar med bevegelse, orkester og forteljing frå bibelen. Ei gudsteneste for 6-åringar er gjerne prega av litt meir action enn ei vanleg høgmesse.

Det vart arrangert fire gudstenester for 6-åringar Stryn og Hornindal den siste veka før skulestart. Borna kunne velje mellom kyrkjene i Hornindal, Nedstryn, Loen eller Olden. 40 born møtte opp og fekk bøkene sine, og fekk delta på gudstenester spesielt tilrettelagt for born. Gudstenesta i Hornindal er omtala ein annan stad i bladet, dei tre i Stryn var nok litt annleis, men bygd over same lest.

I starten dekkja vi alteret. Medan Galya spelte «Ave Maris Stella» av Grieg, gjekk borna i prosesjon, over raud løpar og med stjerner om halsen og bar fram lys, blomar og bøker som skulle ligge på alteret. Lysa vart tende, og så var gudstenesta i gang.


I gudstenesta brukte vi mange av dei elementa som borna vil møte att på andre gudstenester som har utspring i trusopplæringa, 5-teiknsbøna, Velsigninga som vi syng i lag, og truedkjenningsalmen: Gud skapte lyset og livet og meg. På dei tre gudstenestene i Stryn laga vi orkester saman med borna, trygt leia av organist Galya. Med trommer, ristarar og «froskar» fekk vi både «Hamba Nathi» og postludiet til å svinge.

40 fyrsteklassingar har fått 6-årsboka si, og putta den i ein ny og fin ransel. Boka inneheld tekstar frå Bibelen, den fortel om innhaldet i ei gudsteneste, og den har med songar til bruk på gudstenester, i barnekor, heime eller på skulen. Her er også ein teikneserie der Bo og Nora leikar skule, og som funderer over påskemysteriet.

Førsteklasses er eit ledd i trusopplæringa i kyrkjelydane våre, og det blir gjennomført rett før skulestart kvart år.

Henny Koppen

Første-
klasser



Oddny under open himmel

Av
Oddny Torheim



500 årsjubileum i eit heilt år

For eit par år sidan fekk den danske dronninga Margrethe ein telefon frå Slottskyrkja i Wittenberg. Ho vart svært overraska. Dei lurte på om ho kunne designe og sy alterforheng i kyrkja i høve reformasjonsjubileet. Det skulle vere raudt, så det kunne brukast i pinsa og ved festlege høve. Det vart eit ja.

Ho brukte flammemotiv. Pinsa handlar om Den heilage Ande, om eld. I elden såg ho ein dobbel symbolikk. Flamma passa veldig godt til Luther som person. Han var ein brennande type som kunne setje mange i brann.

Midt i forhenget plasserte ho den kvite Luther-rosa. Luther-rosa er også plassert over døra til huset Luther budde i Wittenberg. Alterforhenget vart innvigd 2. oktober 2016. I denne kyrkja spikra Luther opp dei 95 tesane.

LUTHER-ROSA

Luther hadde ei segl (merke) Det var ein svart kross i eit raudt hjarte. Det skulle vere eit teikn på at krossen tyngjer, men ikkje drep. Bak hjartet var den kvite rosa. Trua skaper glede. Den gleden står i himmelsk skin. Den blå ringen kring rosa gjev uttrykk for det.

Omkring det heile var ein gyllen ring. Ringen er symbol på at der er ingen ende.

LUTHER-HAGEN

Jubileet har vore planlagt i mange år. Der er nok statuer av Luther i Wittenberg, tenkte dei som planla. Lat oss lage noko levande i staden. Lat oss lage ein Luther-hage. Eit ovalt område som er 95 m på det breiaste og 70 m på det smalaste vart opparbeidd. 500 tre frå alle kontinent vart planta. Midt-partiet er som ei Luther-rose.

Luther sa ein gong at sjølv om han hadde fått vite at Jesus kom tilbake i morgon, ville han gå ut og plante eit epletre i dag. Treet er eit flott symbol på kyrkja som veks og strekkjer seg ut mot verda.

Medlemskyrkjene i Den lutherske verdsforbundet vart inviterte til å plante eit tre. I 2010 var to frå Norge til hagen og spada, planta og vatna eit tre som tyskarane kallar tulipan-tre. Dei engelsktalande kallar det indianarbønnetre.

Frå Luther sin penn strøymde det ut nye publikasjonar. Det seiast at han gav ut ca. 5000 skrifter. Mange av dei vart trykte i Wittenberg. Det vart små hefter på folkespråket, dei såg innbydande ut. Han kunne takke prentekunsten for at tankane hans vart spreidde ut over.

Så er vi i dag 500 år etter Luther sitt varsku. Då vi starta året, skreiv biskopen i Møre, Ingeborg Midtømme «Eg er opp-tatt av at vi som kyrkje forset å vere ei tydeleg kyrkje i møte med menneska sin lengsel etter nåde.»

Eg håpar vidare at ho har mange med seg i arbeidet med å vise vegen, sanninga og livet!

LUTHER-ROSA

For 40 år sidan var det også Luther-jubileum. Då øvde eg inn eit opptrinn med klassen som vi kalla Luther-rosa. Det vart framført på ein For.fest. Eg let ideen gå vidare.

- 1 Held ein svart kross
På dette teiknet er kyrkja bygd
Der står ho alltid sterk og trygg.
Ved tru på den krossfesta
skal vi ei evig frelse sjå.
- 2 Fester eit raudt hjarte bak krossen
Lat Jesus i ditt hjarte bu.
Gjev han din kjærleik og tru,
då har den vonde inga makt.
Den sterkaste er sjølv di vakt.
- 3 Kvit rose.
Så kvit og rein som engleklede
er rosa som vi løfter her.
Slik gjev trua lys og fred.
Den sanne glede følgjer med.
(Fest rosa bak hjartet)
- 4 Blå sirkel festast på
I trua si klåre himmelblå,
skal glede si rose festast på.
Vår kristne glede er ein del
av sæla, lukka og fred.
- 5 Gul sirkel festast på
Ei evig linje står omkring,
Ein fullkomen ring.
For himmelriket evig er.
Guds kyrkjelyd skal samlast der.



Felles kor: Løft merket høgt ,syng takkens ord
Di trudoms kyrkje her i nord .
Dei fekk ein arv å byggje på.
Dei fekk eit mål dei kunne nå.

Ver du ein heim for ein og kvar.
Ver midt i verda, alltid nær.
Vis livets veg i dagens strid.
Ver open for vår eiga tid.

Min salme

Kjellaug Sunde Molnes

Help, kva skal eg skrive om, eg som ikkje kan så mange salmar ?

Eg har ofte site i kyrka og høyrte på svak salmesong, og mange gonger for meg med vanskelege tonar.

Etter nokre år som medarbeidar i Soul Children, har eg blitt veldig glad i gospelmusikk. Eg skulle ønskt vi fekk litt meir gladsong inn i gudstenestene. Men etter å ha sett litt på programmet Salmeboka Minutt for Minutt, fann eg ut at vi faktisk har mange fine salmar berre vi får framført dei med fynd og klem.

Eg har faktisk ein salme som eg kallar min salme. Det er ikkje den finaste salmen eg veit, men den betyr myke for meg. Eg er oppvaksen i ein stor familie med mange livlege slektningar, og med mange festlege samkomer. Mor mi har alltid vore kristen, og ho ville gjerne ha oss barna med til kyrke. Eg hadde barnetrua mi, men ville gjerne styre livet mitt sjølv og ville ikkje bli diktert om kva som var rett og gale. Men så vart eg no med mor mi til kyrkje ein søndag. Ho ville ha meg med til nattverd. Eg følte meg langt frå vel, og tenkte at dette var ikkje noko for meg.

Etter at eg kom heim følte eg meg tom og svikefull, og tenkte at eg kunne nok ikkje bli ein kristen. Men så hende det noko fantastisk. Eg stod og laga middag på kjøkkenet då det plutselig var som om nokon sette på eit stereoanlegg i hovudet mitt. Eit stort orkester med trompet og kor song : «Salige visshet, Jesus er min» tona gjennom hovudet mitt. Samtidig vart eg fylt av ein kjærleik og godleik som sette meg heilt ut.

Etter den dagen har barnetrua mi fått ei heilt anna meining. Eg er langt frå perfekt, men eg veit at eg er god nok akkurat slik som eg er.

Så vil eg utfordre Sissel Tenden til å velje sin salme.



Salige visshet Jesus er min!
Han er min hyrde, kaller meg sin.
Salige visshet! Allting er vel!
Jesus har kjøpt meg, legem og sjel!

Han er min glede, han er min sang,
ham vil jeg prise livsdagen lang.
Han skal jeg evig love hos Gud,
han er min brudgom, jeg er hans brud.

Allting jeg gav ham, allting jeg vant,
evighetdagen herlig opprant,
himelen er åpen, engler fra Gud
bringer til jorden kjærlighets bud.

Han er min glede, han er min sang,
han vil jeg prise livsdagen lang.
Han skal jeg evig love hos Gud,
han er min brudgom, jeg er hans brud.

Nå kan jeg hvile fullkommen glad,
veien er banet inn til Guds stad,
hertet er rensset, skylden betalt,
selv er jeg intet, Jesus mitt alt.

Han er min glede, han er min sang,
han vil jeg prise livsdagen lang.
Han skal jeg evig love hos Gud,
han er min brudgom, jeg er hans brud.





Opne dører

Langs riksveg 15 ligg det mange kyrkjer, ei av dei er Oppstryn kyrkje, med port heilt inn til vegen. Tradisjonelt har denne porten vore lukka når det ikkje går føre seg noko i kyrkja. På siste soknerådsmøtet i Oppstryn vart det teke til orde for ei endring.

«Eg synest porten inn til kyrkja skal stå open heile tida. Ein open port inviterer folk inn. Møter du ein lukka port er du ikkje heilt sikker på om du er velkomen». Det var semje i soknerådet; porten bør stå open. Dei som vil inn på kyrkjegarden skal vere heilt sikre på at dei er velkomne.

Vi har hatt opne kyrkjer i sommar. Nokre har hatt mykje besøk, andre mindre. Alt i alt har det vore fleire tusen menneske innom ei av kyrkjene i området denne sommaren. Nokon vil studere kunsten, nokon vil kjøpe ein vaffel, andre vil sitje ned og få ei stille stund og kjenne på freden ein kan oppleve i eit kyrkjerom, andre vil be. Dei opne dørene gir høve til eit møte med Gud, kanskje ein refleksjon over livet og døden og den store samanhengen vi står i. Å stå utanfor ei kyrkje og studere arkitekturen gir ikkje den same opplevinga.

Det er ein kristen organisasjon som ber namnet «Opne dører». Eit litt ironisk namn, kanskje, sidan organisasjonen starta som ei smuglarverksemd, som leita etter smetthol der

alt var stengt. Dette starta i 1955, og den nederlandske munken «Broder Andreas» var grunnleggar og inspirator. Oppdraget var å smugle biblar gjennom jernteppet, til det kommunistiske Aust-Europa. Ein hadde erfart at i Sovjet vart biblar konfiskerte og brende, kyrkjene vart øydelagde, eller tekne i bruk til andre formål enn gudsdyrking. Forfølgde kristne bad om hjelp, og «opne dører» fann vegen gjennom dei stengde grensene. Jernteppet er der ikkje lenger, men i dag arbeider organisasjonen for å hjelpe alle kristne som er forfylgde for trua si. Og i dag veit vi at det er mange!

Det er altså ikkje opne dører inn til kyrkjene alle stader i verda, men i Stryn og Hornindal er der ingen ytre hindringar for den som vil oppsøkje kyrkja. Om ein ikkje finn vegen til kyrkja, så er vegen til Gud likevel alltid open. Apostelen Johannes fekk denne bodskapen på øya Patmos, der han sat i fangenskap: «Sjå, eg har sett framfor deg ei opna dør, som ingen kan stengja». (Op 3,8) Johannes var ein av dei forfylgde kristne, ein av dei som ikkje fekk lov av styresmaktene å dyrke trua si. Men døra til Guds rike var vidopen, om Johannes var aldri så innestengd. Der var «ei opa dør som ingen kan stengja».

I siste nummer av kyrkjeklokka kunne ein lese denne «vitsen» på baksida: Det er turisten som er med på ei omvising, møter presten og spør: «Orsak meg, men er det ope her på sundagar og»? Og svaret er: Ja, faktisk er det ganske ofte ope i kyrkja på søndagar og. Opne dører, rett og slett. Og samanhengen mellom den opne kyrkja og den opne himmelporten er ikkje av vegen.

Om Åpne Dører frå organisasjonens eigenpresentasjon

Åpne Dører er en tverrkirkelig, internasjonal misjonsorganisasjon med en omfattende verdensvid tjeneste.

Vår visjon er å styrke og utruste kristne som lever under press og forfølgelse på grunn av sin tro på Jesus Kristus, og å oppmuntre dem til å utbre evangeliet til jordens ender. Vi støtter forfulgte kristne med bibler, kristne ressurser, trening og undervisning, arbeidstrening og opplæring i praktiske håndverk. Vi er til stede hos dem på mange måter, så de vet at de ikke er glemt, og kan bli stryket til å holde fast på troen og tjene sine lokalsamfunn. Vi mobiliserer norske kristne til å støtte og tjene forfulgte kristne på alle de måter vi kan, men også å lære av de forfulgtes historier hva det vil si å være en etterfølger av Jesus, og bli inspirert av deres tro.



Den hollandske munken Broder Andreas (95) som grunnla organisasjonen i 1955.

Åpne Dørers er grunnlagt av hollenderen Broder Andreas, som smuglet de første biblene inn bak jernteppet, til det kommunistiske Øst-Europa, i 1955. I dag har Åpne Dører kontor i 24 land, og prosjekter i 72 land. Arbeidet finansieres av frivillige gaver fra kirker, forsamlinger og enkeltpersoner.



Også tørrpinner kan drukne!

Erling Tronvik

Det var en prest som var på vei til kirken i et ufyse-
lig regnvær. Da kom kom-
mentaren fra klokkeren.
Han blir tørr nok når han
kommer på prekestolen!
Slik kan det være for noen
av oss.

Kona mi minnet meg en dag
på en enkel erfaring fra somme-
rens vanning av blomster. Jo
lenger planten hadde stått uten
vann, jo vanskeligere var det å
få den til å drikke. Vannet lå
bare å fløt oppå jorda helt til det
etter hvert begynte å sive ned mellom røttene.

I år gjelder det slett ikke uteplantene. De drukner! Men
når jeg først har fått jorda på inneplantene til å trekke til seg
vann, er det mye enklere senere å fylle på. Det er ikke måte
på hvor fort plantene tar til seg næring når det blir mer
regelmessig vanning.

Og det får meg til å tenke på de erfaringer jeg får i sam-
taler med ulike mennesker i sjelesorg og terapi. Det er enkel-
te områder det er vanskelig å nå inn til enkeltmennesker på.
Kanskje kan det være at dette området er så «tørt» og lite
brukt at ord og begreper flyter oppå, og trenger tid på å synke
ned.

Jeg merker det særlig hos en del menn som ikke har hatt
kontakt med sårbare følelser på en stund. Det kan se ut til at
responsen på ulike forsøk på en tilnærming kan virke håpløs,
men så er det som om det «siger på» og plutselig er det ikke
måte på hvor mye en vil «nær» og åpne opp for sine følelser
og sårbarhet.

Det gjelder ikke minst åndelige spørsmål. Mange har ikke
gitt sitt åndelig liv næring, og jordsmonnet er så tørt at selv i
tider der en ønsker mer næring, f. eks under sorg og lidelse,
så er det som om det en lengter etter ikke når fram og virker.
Jeg har ofte måttet vente og være tålmodig for å se hvor lang
tid det kan ta før det åndelige liv kan ta til seg ny føde og
skape ny vekst. Men når en først kommer i gang, så kan vek-
sten skje fort.

Et annet område jeg møter noe av det samme på, er i vei-
ledning og undervisning. Den som ikke er vant til å ta til seg
veiledning og læring trenger så mye mer tid til å venne seg til
å gjøre seg bruk av dette. Et lite drypp i ny og ne hjelper ikke
stort. Det gjelder særlig i omsorgsykker.



Som med blomstene er det viktig at en får et jevnest
mulig tilsig av vann og næring. Da tar en det lettere til seg, og
veksten blir jevn og fin. Og så er det jo om å gjøre at en ikke
drukner planten etter for mye tørke. Det er den vanligste
feilen jeg gjør med egne blomster. En skal ta igjen det for-
sømte, og så dør planten av overvanning.

Og jeg ser ikke bort fra at det også gjelder på en del av de
områdene vi har vært innom. Det hender at det ofte kan være
like viktig å hjelpe noen til å kanalisere følelser som å åpne
helt opp for dem. Noen blir åndelig overkjørt særlig ved kriser
og sykdom, og trenger beskyttelse mot påtrengende åndelig
og psykisk overdose og press. Og både undervisning og vei-
ledning kan bli mer selvdigging enn praktisk nytte for noen.

Men det jevne tilsig av næring på ulike områder kan hin-
dre både tørkesymptomer og overvanning.

Så kan noen hver av oss tenke gjennom hvilke områder av
livet som er så uttørket og lite brukt at det er som å skvette
vann på gåsa når en forsøker å få til litt vekst eller fornyelse.





Slekt
skal følgje
slekters
gang



Or kyrkjebøkene
Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

UTVIK

VIGDE:

08.07. Andrine Hage og
Thomas Nesse.

DØDE:

04.07. Anne Karin Eriksen f. 1939
27.07. Alma Bjerknes f. 1925

INNVIK

VIGDE:

29.07. Gina Mari Nesdal Egge og
Erik Dragsvoll.

DØDE:

25.05. Dorte Heggdal f. 1923
03.06. Aud Hilde f. 1934
20.07. Alma Hilde f. 1921
28.07. Trond Skåden f. 1975

OLDEN

DØYPTE:

25.05. Rasmus Malm Aabrekk.
For. Sindre Aabrekk og
Ingeborg Malm Aabrekk.
16.07. Alma Skarstein.
(Døpt i Loen),
For. Odd Atle Skarsien og
Anita Skarsien.

VIGDE:

29.07. Birte Krogh Holko og
Alexander Høgalmen.
05.08. Marianne Nilsen og
Per Jogeir Karlsbakk.

DØDE:

05.06. Ragna Elise Kvamme Tonning,
f. 1931.

LOEN

VIGDE:

03.06. Susanne Loen Ommundsen og
Johannes Ohnstad.
01.08. Camilla Finsås og
Ole Petter Berland.

HORNINDAL

VIGDE:

22.07. Erling-Mikal Walkoff Skrede
og Rebecca Eileen
Grønningsæter Johnsen.

DØDE:

25.06. Alf Taraldset f. 1923
18.07. Geirtrud Raftevold f. 1924
19.07. Liv Brynhild Maurset f. 1942
02.08. Judith Bergfrid Hjellbakk
f. 1939

NORDSIDA

DÅP:

13.08. Alva Sætre.
For. Liv-Jorun Bergset og
Andreas Sætre.
13.08. Kasper Nygård Flo.
For. Marie Vik Nygård og
Marius Flo.

VIGDE:

15.07. Randi-Merete Roset og
Hallgeir Vige.

DØDE:

12.08. Kristina Oddlaug Tinnereim
f. 1921

RANDABYGDA

DØYPTE:

23.07. Karoline Normann Hellevang.
Foreldr. Kristin Normann
Hellevang og Rolf Magne
Aaland Hellevang.

OPPSTRYN

VIGDE:

01.07. Grete Nesje og
Stig Arve Holsen Foss.
12.08. Hege Kveen og
Andreas Oppheim Bakkebø.

DØDE:

26.06. Gerd Iren Åsvoll f. 1957
06.07. Steinar Nygård f. 1954
13.07. Lisbet Dårflot f. 1923

NEDSTRYN

DØYPTE:

04.06. Signe Mossige Sølvberg.
For. Sunva Coll Mossige og
Audun Sølvberg.
04.06. Johannes Mejlænder Aarheim.
For. Merete Aarheim og
Øystein Mejlænder-Larsen.
18.06. Ingvild Dvergsdal Kirkeeide.
For. Lene Storevik Dvergsdal
og Lars Arne Kirkeeide.
18.06. Mathea Rake Svarstad.
For. Ida Kristine Løvil Rake
og Thomas Svarstad.
25.06. Sander Berger Hjorteseth.
For. Kristel Hjorteseth Teige
og Rune Berger.
Døpt i Florø kyrkje
23.07. Ella Kvame Sandnes.
For. Mari Skåden Kvame og
Erik Skarstein Sandnes.
06.08. Tilda Sagebø-Hunvik.
For. Monica Sagebø-Kolseth og
Dan Christopher Hunvik.
06.08. Aron Engen-Halsør.
For. Anja Halsør og Rita Engen.


VIGDE:

17.06. Jeamilla Emilie Hansen og
Endre Flo

DØDE:

13.07. Reidun Anita Lunde Vik f. 1962
19.07. Jan Ove Standal f. 1969
04.08. Kårik Kyrkjeeide f. 1918





SØNDAG ER KYRKJEDAG

Gudstenester i Indre Nordfjord

*Vi gjer merksam på at det kan verte endringar.
Nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa «Fjordingen».*

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja!

17. september; 15. s i treeiningstida – Matt 7, 24-28

Nedstryn, 11.00 Gudsteneste med tema Skaparverket,
ved Henny Koppen.
Randabygd, 11.00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye.
Presentasjon av dei nye konfirmantane.

24. september; 16. s i treeiningstida – Mark 7, 31-37

Oppstryn 11.00 Gudsteneste ved Henny Koppen. Presen-
tasjon av dei nye konfirmantane.
Utvik, 11.00 Gudsteneste. Ved Harald Runde.
Presentasjon av dei nye konfirmantane.

01. oktober; 17. s i treeiningstida – Joh 11, 17-29 eller 30-46

Nedstryn, 11.00 Gudsteneste ved Gunnhild Bergset.
Innvik, 11.00 Gudsteneste ved Harald Runde.
Presentasjon av de nye konfirmantane.
Hornindal, 11.00 Hausttakkefest ved Hege Høibye.
Utdeling av 4-årsbok.

08. oktober; 18. s i treeiningstida – Matt 8, 14-17

Loen, 11.00 Gudsteneste.
Ljosheim,
Oldedalen, 11.00 Hausttakkefest, ved Harald Runde.
Omsorgsenteret,
Hornindal, 16.00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye.

15. oktober; 19. s i treeiningstida – Luk 20, 45-21, 4

Nedstryn, 11.00 Gudsteneste med tema Frelsa.
Utvik, 11.00 Gudsteneste ved Harald Runde.
Randabygd, 11.00 Hausttakkefest ved Hege Høibye.
Olden, 16.00 Gudsteneste ved Harald Runde.

22. oktober; 20. s i treeiningstida – Joh 11, 1-5

Oppstryn, 11.00 Gudsteneste ved Henny Koppen.
Innvik, 11.00 Hausttakkefest ved Harald Runde.
Nordsida, 11.00 Hausttakkefest ved Hege Høibye.
Utdeling av 4-årsbok.

29. oktober; Bots- og bønnedag – Luk 13, 22-30

Nedstryn, 11.00 Gudsteneste ved Henny Koppen.

31. oktober; Reformasjonsdagen – Rom 1, 16-17

Nedstryn 19.00 Salmekveld i Luthers ånd.
Medv. Olaf Sigurd Gundersen m.fl.

05. november; Helgemessesøndag – Matt 5, 1-12

Loen, 11.00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen.
Randabygd, 15.00 Helgemessegudsteneste ved
Hege Høibye.
Olden, 16.00 Hausttakkefest ved Harald Runde.
Horninda, 20.00 Helgemessegudsteneste ved Hege Høibye.

12. november; 23. s i treeiningstida – Mark 10, 28-31

Nedstryn, 11.00 Gudsteneste.
Utvik, 11.00 Gudsteneste ved Harald Runde.
Nordsida, 11.00 Gudsteneste ved Hege Høibye.

19. november; 24. s i treeiningstida – Matt 18, 1-6 10-14

Oppstryn, 11.00 Gudsteneste med tema Menneske,
ved Henny Koppen.
Hornindal, 11.00 Gudsteneste ved Hege Høibye.

26. november; Domssøndag / Kristi kongedag – Matt 25, 31-46

Nedstryn, 19.00 Gudsteneste ved Henny Koppen.

03. desember; 1. s i advent – Luk 4, 16-22a

Nedstryn, 11.00 LysVaken.
Nordsida, 11.00 LysVaken.
Innvik, 16.00 Tårnagent ved Harald Runde.

10. desember; 2. s i advent – Luk 21, 27-36

Loen, 11.00 Gudsteneste ved Henny Koppen
Grendahuset,
Randabygd 12.00 Gudsteneste og basar.

17. desember; 3. s i adventstida – Luk 3, 7-18

Oppstryn, 11.00 Gudsteneste ved Henny Koppen.
Ljosheim, 11.00 Førjuls-gudsteneste ved Harald Runde.
Olden, 14.00 Julekonsert.
Utvik, 16.00 Julekonsert.
Innvik, 18.00 Julekonsert.
Nordsida Julekonsert.
Hornindal Julekonsert.





B Informasjon /
Full distribusjon

Returadresse: Rindane, 6788 Olden

500 år med Luther

Kyrkja feirar med Salmekveld

Olaf Sigurd Gundersen blir gjest og foredragshaldar når Kyrkja i Indre Nordfjord inviterer til Lutherfest i Nedstryn kyrkje. Dette skjer på sjølve 500-årsdagen for det som vart opptakta til reformasjonen. Denne dagen slo Luther opp sine 95 teser på kyrkjedøra i Wittenberg, der han tok til orde for at avlatshandelen måtte avskaffast. Grundig Bibelstudium hadde gjort Luther overtydd om at å kjøpe seg frelse, var ingen farbar veg.

Luther vart ein føregangsmann når det galdt å skrive salmar på morsmålet, «Vår Gud han er så fast ei borg» er nok den mest kjende. Luther var oppteken av at salmane skulle vere lette å forstå og fengande å synge. Teologen, forfattaren og musikaren Luther ville nå ut til folket med kyrkja sin bodskap. Det er naturleg at vi samlast og syng salmar når vi skal minnast Luther. Vi vil ikkje synge berre Luther-salmar, men kvelden vil vere i Luthersk ånd, så å seie, i og med at vi syng salmar som fell naturleg for oss å bruke i dag, salmar som vi forstår når det gjeld musikk og innhald. Både gammalt og nytt stoff vil vere med, og musikarar og solistar vil vere på plass. Velkomen til deg som likar å synge, likar stemninga i kyrkja, synest det er godt å berre lytte, eller som har lyst å lære noko nytt.



MISJONSSTEMNE

i indre Nordfjord Det Norske Misjonsselskap
i samband med gudstenesta
søndag 17. september kl. 11 i Nedstryn kyrkje.

MISJONSSKAPET MED HAUSTMESSE

4. november på Betania, Nordfjordeid.

Det Norske Misjonsselskap (NMS) har kvar haust misjonsmesse i Betania på Eid. Her er det mogeleg å få kjøpt heimelaga matvarer og handarbeid, ta lodd på fine gevinstar og kose seg med ein kopp kaffi og god mat. Og ikkje minst kan du lytte til god forkynning på bibeltimen. Misjonsfesten laurdag ettermiddag er høgdepunktet.

PROGRAM:

10.30: Messa opnar
12.00: Bibeltide v/Asbjørn Gjengedal
15.00: Misjonsfest;
Song av Måløy Soul Children
Andakt v/Toril Lange
Servering

Velkomne til ein triveleg dag der du støttar misjonen.

Arr.: Nordfjord område av Det Norske Misjonsselskap



KAFFIKROKEN



© Hans Johan Sagruten

Neste nummer får du i Posten rundt 20. november. Redaktør vert Knut Sigurd Gald. Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: post@kyrkjeklokka.no innan 20. oktober.